KYSTVERKET

Sortland kommune
Postboks 117
8401 SORTLAND


Dykkar ref	Vår ref	Arkiv nr	Saksbehandler	Dato
23/2389	2023/2454-6		Tormod Hjørungnes Engen	21.03.2024

Fråsegn ved offentleg ettersyn av reguleringsplan for Husvika Settefiskanlegg - Sortland kommune - Nordland fylke

Syner til dykkar høyringsbrev datert 28.02.2024 som gjeld ovannemnde og til vår fråsegn av 20.06.2023 i høve oppstart av planarbeidet. Føremålet med detaljreguleringa er å legge til rette for bygging av landbasert akvakulturanlegg (settefiskanlegg) med tilhøyrande kai og vasstank (høgdebasseng). Arealbruksføremåla i planen er mellom anna næringsareal, kai, hamneområde i sjø og infrastruktur.

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Nærings- og Fiskeridepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning, ferdsla på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med «lov om havner og farvann.» Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg bruk av hamn og farvatn samstundes med omsyn til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Vår vurdering



Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502, 6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: https://kystverket.no

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766

Planen med føresegner slik den er lagt fram synest føremålstenleg og vil ikkje få særskild innverknad på statlege farvatn, Kystverket sine anlegg og installasjonar og andre omsyn Kystverket skal vareta i medhald av hamne- og farvasslova. Ut frå Kystverket sitt sektoransvar har vi såleis ikkje vesentleg å merke til planframlegget.

Kystverket vil likevel gjere merksam på at planen vil medføre utfylling i sjø for å auke næringsarealet. Dette er tiltak kan påverke ferdsle og tryggleik i farvatnet og då vere avhengig av løyve etter hamne- og farvasslova § 14. Då tiltaket i dette tilfellet er plassert i kommunalt farvatn vert det kommunen si oppgåve å vurdere tiltaket opp mot omsyna i lova og elles til anna bruk av sjøarealet.

Søknadsplikt etter hamne- og farvasslova er sjølvstendig og vil gjelde parallelt med eventuell søknadsplikt etter plan- og bygningslova. Til opplysning kan ikkje Kystverket på grunn av habilitet uttale seg konkret til saker/søknadar der kommunen fattar vedtak etter hamne- og farvasslova då Kystverket er klageinstans for desse sakene.

Med helsing

Ruben Alseth
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Nordland fylkeskommune	Postboks 1485 Fylkeshuset	8048	BODØ
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Statsforvalteren i Nordland	Postboks 1405	8002	BODØ